



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
56/2017	Kommunestyret	PS	18.09.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	17/1050

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
56/2017.1	KARTLEGGING OG VERDISETTING AV FRILUFTSLIVOMRÅDE
56/2017.2	Oversending av tilsynsrapport - Tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Vaksdal kommune 2017
56/2017.3	STATLEG PLAN FOR VEG OG BANE ARNA - HELLE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Kommunestyret - Sak 56/2017

KOM - Behandling:

Referatsak 3 - K5:

Ordførar la fram følgjande forslag til felles standpunkt vedk. plassering av kryss og stasjonar:

Vaksdal

Vaksdal kommunestyre vil arbeida for alternativet med veg i Tolåsen med av- og påkøyring i fjell frå Boge- og Jamnatunnelen.

Me vil arbeida for jernbanestadsjon i sentrum

Stanghelle

Vaksdal kommunestyre vil arbeida for eit halvt kryss på Helle og eit halvt kryss på Dalegården.

Me vil arbeida for jernbanestasjon i området ved eksisterande stasjon. Skal jernbanestasjonen plasserast i sentrum, må den trekkjast utover ny bru over Dalevågen

Kommunestyret slutta seg samrøystes til dette.

Kjartan Haugsnes ba om at det vert eit temamøte om K5 i kommunestyret sitt oktober-møte

Heidi Rongved ba om at Vegvesenet lagar ei visualisering av løysingane slik at ein kan sjå korleis det blir sjåande ut

Dette slutta kommunestyret seg samrøystes til.

Referatsakene vart elles tekne til orientering.

KOM - Tilråding/Vedtak:

Referatsakene vart tatt til orientering.